


**Referat frå Hardanger UngdomsTING,
torsdag 19.01.2017 på Kunsthuset Messen, Ålvik i Kvam herad.**

Program:

Klokka 09.30 Velkomen til Kvam!
Klokka 09.45 Bli Kjent! aktivitetar med Ida Maage Elstad, Ungt Entreprenørskap Hardanger
Klokka 10.45 «Debatt kurs» v/ Svein Olav B. Langåker, Framtida.no
Klokka 11.45 Lunsj
Klokka 12.30 Debattkurs fortset
Klokka 13.30 Paneldebatt med politikarar frå Hardanger
Klokka 14.10 Oppsummering

Hardanger UngdomsTING 2017 vart opna av Ordførar Jostein Ljones som helsa alle velkomne til Ålvik i Kvam herad. Dagleg leiar på Kunsthuset Messen fortale om huset og aktiviteten der. Ida Maage Elstad hadde deretter ulike bli-kjent aktivitetar. Så var det klart for debattkurs med Svein Olav B. Langåker



Referat frå «debattkurset»



RESULTAT AV GRUPPEDISKISJON RUNDT TEMA

➤ Helsesøster

1. Kva kan gjerast betre; Tilbodet varierar Helsesøster treng ikkje vera fysisk tilstades, men at ein kan ringa.
2. Meir informasjon om tidspunkt helsesøster er tilgjengelig; Kommunane må gje meir pengar og ikkje vera underbemanna.
3. Helsesøster bør vera meir synleg; Når ein kjenner helsesøster er det enklare å gå til henne/han; Meir informasjon om psykisk helse
4. Helsesøster må gjera seg meir synleg og koma med informasjon i klassane; psykisk helse viktig
5. Helsesøster kan koma med informasjon og opplysa om tenesta i klassane , også om psykisk helse slik at alle føler seg trygge



➤ **Skulestruktur: Argument FOR endra struktur/ MOT endra struktur**

1. FOR : Billigare med færre skular; Vanskelegare å ha gode lærar i alle fag på små skular
MOT: Meir tid til elevane og sannsynleg tettare relasjon; kortare reiseveg
2. FOR: Fleire elevar og større sosialt; Betre økonomi
MOT: Lenger reiseveg; Splid mellom bygdene å leggja ned skular
3. FOR: Meir sosialt med fleire elevar; Likare kunnskapsgrunnlag – lærer betar; billigare
MOT: Lurt å ha skular i bygdene, gjer det meir attraktivt å bu i bygdene; nærare
4. FOR: Færre skular gjer dei større med fleire elevar
MOT: Elevane meir sjenert i store grupper
5. FOR: Betre og større miljø
MOT: Lenger reisetid



➤ **Kollektiv transport**

1. Fleire bussruter og feire avgangar; Billigare billetter
2. Bussane passar ikkje til skulen, ønskjer det, men forstår at det kan vera vanskeleg å ta hensyn til alle; for få tar buss
3. Kanskje ikkje fleire bussar, men meir tilpassa avgangstider; fleire bussar i helgene og seinare på kvelden; at ein brukar minibussar
4. Billettane er for dyre for vaksen ungdom; sjåførane må vera flinke og blide mot born og unge på skuleskyss og elles; bruk av minibussar meir
5. Fordeling av bussane i løpet av dagen bør betrast, fleire på kveldstid; Trygg heim for ein 50-lapp bør me få

LAGA EIT DEBATTINNLEGG OM KVA TEMA DE VIL ARBEIDA VIDARE MED

1. Trygg heim for ein 50-lapp; Betre kommunikasjon mellom Hardanger Ungdomsråd og dei lokale ungdomsråda, spesielt om Aktivitetshelga
2. Tilgjengeleg helsesøster; psykisk helse; fleire arrangement som kryssar kommunegrensene og ta vara på dei som er: aktivitetshelga og 16.mai i Kinsarvik
3. Ambulanse i Hardanger; kollektivtransport; tidspunkt bussane går; legevakt; akutt tilbod
4. Responstid på ambulansar

TEMA til AVSTEMMING

- a. Kollektiv transport: Trygg heim, Rutetider
- b. Ambulanse: responstid, akutt beredskap, for få ambulansar
- c. Helsesøster: informasjon, tilgjengeleg, psykisk helse
- d. Betre informasjon om egne arrangement på tvers av kommunegrensene

- a. Kollektiv transport:

Trygg heim/ **19 stemmer,**

Rutetider/ **24 stemmer**

- b. Ambulanse: responstid, akutt beredskap, for få bilar

27 stemmer / samrøystes

Kommentar:

- *Me må leggja vekk pengane i ei slik sak, personane er viktigare. Folk må vera trygge også i bygdene.*

- *Legevakt meir informasjon*

- c. Helsesøster: betre informasjon, tilgjengeleg, psykisk helse

13 stemmer

- d. Betre informasjon om egne arrangement på tvers av kommunegrenser

9 stemmer



PANELDEBATT MED LOKALE POLITIKARAR

AMBULANSE

- Ambulanse vil me arbeida med, litt overraska over utfall, viktig tema, dagsaktuelt, gledeleg at dei tek dette på eige initiativ, viktig for framtida at det er trygt å bu i Hardanger, *Kva gjer det attraktivt å bu ein stad: arbeid og trygt*
- Ungdom etterlyser informasjon . Det vil ordførarane ta med seg heim og følgja opp. Dei spør seg om informasjonen kjem i feil kanalar for å nå ungdom
- Glad for at ungdom er så opplyste og engasjerte
- akuttkirurgi i Odda nb: ungdom må engasjera seg for å behalda dette tilbodet i Hardanger
- det er så positivt at dei har HU UngdomsTING og at dei møtest på tvers av kommunegrensene og då er det viktig at ein kan reisa lett, ja til trygg for ein 50- lapp
- Dette er vår sak, Ambulanse er like viktig for unge som for eldre. Det er me som skal bu her , då må det vera trygt også i framtida
- Ordførar oppmodar ungdom til å senda uttale til høyring Helsefonna punkt om Akuttkirurgi og melda om krav til responstid og tryggleik i nærmiljøet
- Send eit skriv til Helse Berge ved Direktør Hansen, og be om eit møte med dei.

HELSESØSTER

- Ordførar vil følgja opp med rådmann og prata med helsesøster
- Er engi at informasjon er ein for dårlege. Erkjenner at det er viktig å informera i rette kanalar. Kva kanal vil HU ha? Svar frå ungdommen: *«Å bli informert i klassane er den beste måten å nå fram med informasjon»*.
- Politikarane vil ta denne Oppfordringa med heim til sine administrasjonar for å møta krav, behov, lov og lovnad.
- Ungdom ber helsesøster kommunisera åpent og med låg terskel – vera meir tilpassa ungdommen i møte med dei. Med respekt.
- Kan helsesøster møta alle ungdommane ein til ein i ein liten samtale? Kanskje dette er vanskeleg i større kommunar, men burde vera enkelt i dei små. Svar frå politisk representant Kvam herad: *« meiner det er lovpålagt med ein til ein møte med helsesøster i løpet av ungdomskulen»*
- Kan dette takast opp i elevråd saman med rektor?
- Ullensvang vil diskutera med rådmann og ansvarleggjera helsesøster og be om at dei skal ha samtalar med elevane.
- Ungdom ber politikarane prata om psykisk helse, alminneleggjera det slik at det også for ungdommen vert meir naturleg og åpent
- HU bør kontakta organisasjonen «Verdensdagen for psykisk helse» for å gjera noko nyttig for psykisk helse denne dagen

KOLLEKTIVTRANSPORT


- Fleire bussar i helgene og på kveldstid
 - Ungdomskort som varer ut læretida, dvs 21 år
 - Billigare billettar
 - Felles haust og vinterferie i Hardanger vil gje noko overskot som kan puttast inn i f. eks ekstra helgerute
 - Hu vil be om møte med SKYSS, der også Hardangerrådet vert kalla
-

Oppfordringar til Hardanger Ungdomsråd (HU):

- 1) Send ut pressemelding om viktige tema, gjerne også til Framtida.no
- 2) Betre kommunikasjon mellom HU og dei lokale ungdomsråda, spesielt betre kommunikasjon om Aktivitetshelga. Dei unge ønskjer fleire arrangement som kryssar kommunegrensene. Viktig å ta vare på eksisterande arrangement, dvs. aktivitetshelga og 16.mai i Kinsarvik
- 3) HU bør senda pressemelding om den dagsaktuelle saka som gjeld Ambulanse i Hardanger og endringar som fører til lengre responstid og mindre tryggleik for innbyggjarane.
- 4) Ordførar oppmodar ungdom til å senda uttale til høyring Helsefonna, punkt om akuttkirurgi og melda om krav til responstid og tryggleik i nærmiljøet.
- 5) Send eit skriv til Helse Bergen ved Direktør Hansen, og be om eit møte med dei.
- 6) HU bør kontakta organisasjonen «Verdens dagen for psykisk helse» for å gjera noko/arrangera noko for psykisk helse denne dagen.

Oppfordringar til politikarane i Hardager:

- 1) Ungdom ber politikarane prata om psykisk helse, alminneleggjera det slik at det også for ungdommen vert meir naturleg og at temaet vert opnare.
 - 2) Ullensvang vil diskutera med rådmann og ansvarleggjera helsesøster og be om at dei skal ha samtalar med elevane.
-



OPPSUMMERING

Politikarane er svært glade for å ha ungdomsråd i Hardanger kommunane. Ungdom er framtida OG VIKTIGE FOR Hardanger. Bruk det for alt det er verdt!

Press på for saker de brenn for, og press på for at de får både politikarar og vaksne som kan vera med i dei ulike ungdomsråda, gjerne med eit vedtak. Viktig at de får konstituert dykk i tide og kan vera med på å skapa det Hardanger me vil ha.

Ta kontakt med politikarar, dei blir glade for spørsmål, og det er viktig å informera lokale politikarar om det som skjer i uti kommunane.

Dei oppfordrar og opnar dørene sine til ungdom som lurar på noko, vil be om noko eller har noko på hjarte. TA KONTAKT! Navn og kontaktinformasjon til lokalpolitikarane finn de på kommunane sine heimesider.

Flott at de engasjerar dykk!

Finn saker de brenn for !

Referat av Trude L. Rinaldo
Kinsarvik 20.01.2017